

Bjørn Morten Marøy
Marøyvegen 294
5937 Bøvågen

Referansar:
Dykkar:
Vår: 23/4418 - 23/46560

Sakshandsamar:
Svein Arne Vågane
svein.arne.vagane@alver.kommune.no

Dato:
13.06.2023

Løyve til å dele i frå om lag 105m² frå gnr. 423/16 Marøy etter jordlova § 12.

Administrativt vedtak: Saknr: 629/23

Tiltak:
Eigedom: Gbnr: 423/16
Tiltakshavar:

Vedtak :

Alver kommune gjev løyve til deling av areal som søkt om på gbnr. 423/16 med heimel i jordlova § 12, jf. § 1.

Vedtaket er gjeve på følgjande vilkår:

Det frådelte arealet må leggjast til eigedomen gnr. 423, bnr. 25.

Endeleg utforming av grenser og arealstorleik vert gjort ved oppmålingsforretning.

Saka gjeld søknad om deling av areal på om lag 105m² med føremål å leggje det til gnr. 423, bnr. 25.

Planstatus/gardskart:

Planstatus: LNF og kommunedelplan spreidde bustader.

Gnr. 423, bnr. 16 har i fylgje gardskartet slik fordeling av arealet:

Fulldyrka jord	4,2 daa
Overflatedyrka jord	13,9 daa
Innmarksbeite	55,7 daa
Produktiv skog	35,0 daa
Anna markslag	69,7 daa
<u>Bygd areal med meir</u>	4,5 daa
Sum areal	183,0 daa

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

Vurdering

Arealet/areala er definert som bygd areal jf. gardskartet. Før arealet kan nyttast til andre føremål enn landbruk, må det ligga føre vedtak om deling etter jordlova § 12.

Deling etter jordlova § 12

Det fylgjer av jordlova § 12 at «deling av eigedom som er nytta eller kan nyttast til jordbruk eller skogbruk må godkjennast av departementet.»

I vurderinga av om det skal gjevast samtykke til deling, skal det leggast vekt på om delinga legg til rette for ein tenleg og variert bruksstruktur i landbruket. I vurderinga inngår mellom anna omsynet til vern av arealressursane, om delinga fører til ei driftsmessig god løysing, og om delinga kan føre til drifts- og miljømessige ulemper for landbruket i området. Det kan leggjast vekt på andre omsyn dersom dei fell inn under formålet i jordlova, jf. jordlova § 12 3.ledd.

Det fylgjer av jordlova § 12 4.ledd at sjølv om vilkåra etter 3.ledd ikkje er oppfylt, så kan gjevast samtykke til deling dersom deling vil vareta omsynet til busetjinga i området.

Arealet som er søkt frådelt er i dag teke i bruk som tilkomst til bnr. 23. Arealet er langstrakt og ligg langs veg på eine sida og mot grn. 423, bnr. 25 på andre sida. Det tener i dag som tilkomst til bnr. 25. Det er etter kommunen sitt syn, openbert at det bør høyre til bnr. 25 i framtida.

Konklusjon:

Med bakgrunn i vurderingane over har Alver kommune kome fram til at omsyna bak deling etter jordlova § 12, jf. § 1 ikkje vert sett til side som følgje av at det vert gjeve løyve til å dele frå dette arealet.

Vi gjer merksam på at frådelinga må godkjennast etter plan- og bygningslova.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ynskjer. Klagen skal grunngjenvært. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 23/4418

Bortfall av løyve

Samtykke til deling fell bort om oppmåling ikkje vert rekvisert innan 3 år etter at delingsvedtaket vart fatta, jf. jordlova § 12 (8). Dispensasjonen fell bort dersom arbeid for å nytta jorda til det aktuelle føremålet ikkje er sett i gang innan tre år etter at vedtaket er gjort, jf. jordlova § 9 4.ledd.

Med venleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Svein Arne Vågane
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Alver Kommune	Postboks 4	5906	FREKHAUG
Arild Marøy Bø	Marøyvegen 291	5937	Bøvågen
Katrine Marøy Bø	Marøyvegen 291	5937	Bøvågen

Mottakarar:

Bjørn Morten Marøy	Marøyvegen 294	5937	Bøvågen
--------------------	----------------	------	---------